

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019**

Fylkesordfører gav slikt svar:

Det er departementet som godkjenner friskular, jf. friskulelova § 2-1, og gjev statstilskot til drifta, jf. friskulelova § 6-1. Vestland fylkeskommune gjev ikkje tilskot til friskulane.

Friskulelova § 3-6 seier at det er heimkommunen eller heimfylket til eleven som skal vurdere og gjere vedtak om spesialundervisning, jf. krava i opplæringslova §§ 5-3 til 5-5. Heimfylket skal i tillegg dekkje kostnadene til spesialundervisning som vert gitt i friskulen